



Det har også vore langt mellom tyskarane i båthamna denne sommaren, men onsdag kom Claus Meyer frå Bremen. Han er veteran turist i landet vårt, men dette er første besøket hans i Hardangerfjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Både Uskedal Båtlag og Øyro Marina kan melda om svikt i besøket av gjestebåtar i juli samanlikna med denne månaden i fjor.

Til dømes var 750 av dei 1.150 gjestebåtane som besøkte hamna til Uskedal Båtlag i fjor innom i juli, men så langt i juli 2009 har berre 275 båtar besøkt hamna. Trafikken i helgene har vore bra, men det har svikta på vekedagane, fortel sekretær Tor Edward Taranger.

Hamnevert Egil Høgemark i Øyro hadde full hamn med 11 gjestebåtar sist natt, men har vore heilt nede i tre.

No er det ikkje sikkert at sluttresultatet blir så ille likevel, for i første halvår vart talet på gjestebåtar i båtlaghamna fordobla samanlikna med første halvår i fjor - frå 220 til 420. Og det er framleis mykje att av dette året!

Noko bestemt forklåring på kvifor det har svikta akkurat no i juli har ikkje hamnevertane. Ein gjengs forklåring er at den nye båthamna i Rosendal har 'stole' trafikk frå Uskedalen, men det vil ikkje vertane utan vidare gå gode for.

Dei og andre hevdar at besøket så langt ikkje har vore så mykje å rope hurra for i baronibygda heller.

Av Ola Matti Mathisen